



Skorpo er også eit fristande turmål som burde utnyttast meir. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skorpo må inn på renovasjonsordninga som gjeld ellers i bygda og hyttecontainaren på Børnes bør fjernast fordi han blir misbrukt av dei fastbuande i bygda.**

Det heldt Kristian Bringedal fram under møtet på Gamleskulen tysdag kveld og han fekk tilslutning frå Birger Myklebust og andre.

Myklebust meinte at hytte-eigarane på Skorpo ser fram til å bli med i ordninga, og at "hyttefolk" som er i Uskedalen kan få utplassert hyttecontainarar for sin bruk.

Johan Sunde fortalde at også containaren som båtlaget har blir misbrukt. Her om dagen stod det ein vaskemaskin inntil han – kanskje også frå Skorpo - og båtlaget køyrde maskinen til SIM.

Sunde sa om Børnes-containaren at den står svært utsett og synleg til og at den kanskje heller burde plasserast nede på kaia.

Møtedeltakarane, rundt 15 i talet, var inne på mange aktuelle saker i bygda. Skorpo var inne også i ein annan samanheng. Øya er ein stor attraksjon som burde utnyttast meir som turismål og det er no kanskje mogeleg å få til finansiering av ein betre veg opp på Skorpefjellet og ut til jettegrytene. Dette er eit tiltak som har vore på programmet lenge, opplyste Kjell Yri. Det bør også settast opp informasjonsplakatar inntil turstigane..

- Skorpo er eit funn, der er det svært mykje interessant også historisk sett. Det burde vore eit opplegg med guiding til Skorpo, sa Kristian Bringedal.

Kjell Yri kom ellers inn på kampen mot tromsøpalma/kystbjønnekjeksen sist sommar og opplyste at kampen var vellukka slik at problemet er mindre med tanke på neste år. No har dei fått eit tilskott på 3.000 kroner til dekning av løna til ekspert frå kommunen som var engasjert. Eit råd framfor neste år er å kutta av stengelen slik at blommar ikkje blir utvikla. Då døyr etterkvart også rota.

Av Ola Matti Mathisen



Kan containeren ved Børnesvegen snart fjernast? (Foto: Ola Matti Mathisen)